

Informasjon til gartnarane i Rogaland om støtte til tiltak mot avrenning frå veksthus

Alle gartnarar i Rogaland kan søka om støtte frå Innovasjon Noreg (IN) og SMIL middel til tiltak mot avrenning av gjødselvatn frå veksthus. Støtte gis frå og med i år, og til og med år 2024.

1. Støtte frå Innovasjon Noreg

For støtte frå IN gjeld følgjande:

- Du kan søke om støtte til resirkuleringsanlegg, eller til andre tiltak. Andre tiltak kan for eksempel vera bruk av gjødselvatnet i andre kulturar, eller reinsing av gjødselvatnet før utslepp.
- Alle søknadane vil få ei individuell behandling. Øvre grense for tilskot er 35 prosent av godkjente kostnader for eit prosjekt.
- Dersom du søker om støtte til andre tiltak enn resirkuleringsanlegg, vil IN sjekka med Fylkesmannen om dette er eit tiltak som oppfyller krava til reduksjon i avrenninga i ditt tilfelle.
- Dersom du søker om støtte til renner eller anna oppsamling av overskotsvatnet, må du samstundes få på plass ei miljøforsvarleg handsaming av oppsamla gjødselvatn. Planlagt handsaming av vatnet må koma fram av driftsplanen i søknaden.
- Du kan søka om støtte til reinse-/desinfeksjonsanlegg i hus der det allereie er resirkuleringsanlegg.
- Støtte kan berre gis til tiltak i eksisterande veksthusanlegg, ikkje nybygg.
- Det kan ikkje gis støtte til tiltak som er påbegynt før evt. støtte er tildelt.
- Prosjektet må ferdigstillast innan to år frå vedtaket om støtte.

Ein søknad om støtte frå IN må innehalda:

- Driftsplan for fem år framover med budsjett
- Kalkyle/tilbod over tiltaket
- Finansieringsbekreftelse som viser at prosjektet er fullfinansiert
- Eventuelle teikningar
- Næringsoppgåve/skattemelding eller evt. ein fem års bankrapport

Du må søka om støtte frå IN via nettsidene deira:

<https://www.innovasjonnorge.no/no/tjenester/landbruk/finansiering-for-landbruket/tradisjonelt-landbruk/>

Trykk på «Opprett søknad for bruksutbygging (kun tilskudd)».

Søknadar om støtte frå IN går automatisk innom kommunen sitt landbrukskontor. Det kan vera lurt å snakka med landbrukskontoret på førehand. Landbrukskontoret sendar søknaden vidare til IN saman med ei uttale.

Dersom du har spørsmål rundt støtte og søknaden, ta kontakt med ein av landbruksrådgivarane i IN:

- Olav Tegle
Tlf. nr. 98218930, e-post olav.tegle@innovasjonnorge.no
- Aart-Dirk van Zanten Magnussen

Tlf. nr. 97127514, e-post aart-dirk.van.zanten.magnussen@innovasjonnorge.no

2. SMIL middel til tiltak mot avrenning

Dersom støtta frå IN utgjør mindre enn 35 prosent av kostnadane ved tiltaket, kan du i tillegg søka om støtte frå kommunen sine SMIL middel (spesielle miljøtiltak i landbruket). Før du søker om SMIL støtte, må du først få avklart mogleg støtte frå IN. Det er sett eit tak per prosjekt på kr 525 000 i støtte frå IN og SMIL til saman.

Det blir berre gitt SMIL støtte til tiltak der overskotsgjødsla på ein eller annan måte blir nytta eller reinsa – til dømes resirkuleringsanlegg eller oppsamling av gjødsel til bruk på friland.

Ta kontakt med landbrukskontoret i kommunen dersom det er aktuelt å søka om SMIL støtte.

Med venleg helsing

Karen Beate Grimstad
seniorrådgivar



Fylkesmannen i Rogaland

Telefon: 51 56 89 40

E-post: fmrokg@fylkesmannen.no

Web: www.fylkesmannen.no/ro